



Arkoconsult As
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4465 - 22/42337

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
02.06.2022

Svar på søknad om endra bruk av avkjørsel i samband med bruksendring av løe til bustad - gbnr 125/11 Kjeilen indre

Tiltak: Bruksendring av løe til bustad
Byggjestad: Kjeilevegen 129 – GBNR 125/11
Tiltakshavar: Bjørn Håkon Uthaug
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult v/ Inge A. Johannessen

Saka gjeldt søknad om løyve til utvida/endra bruk av eksisterande avkjørsle for 1bueining i samband med bruksending av løe, datert 23.05.2022.


Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det søkast om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg (Kv 1138) inn på privat veg (PV 94874). Føremål med utvida bruk av avkjørsle, er etablering ei ny bueining i eksisterande løe. Det er søkt om bruksendring av løe i eigen sak. Denne er til handsaming hos byggesaksavdelinga i kommunen.

Vurdering/drøfting:

Kommunal veg er etablert som ei eitefeltsveg med to køyreretningar. Avkjørsler langs vegen fungerer som møteplasser. Vegen er ikkje skilta med særskilt fartsgrense. Fartsgrense følgjer av Vegtrafikkloven § 6. Minste krav til sikt i avkjørsler er avhenging av fartsgrense og følgjer av Vegnormal N100. Minste krav til sikt er ihht til gjeldande regelverk sett til minimum 4 x 45 meter.



Langs kommunal veg skal det være veggroft med ei minste bredde på 1,0 meter. Grøftearealet skal være opparbeida slik at det ikkje innbyr til parkering eller hensetting av sikthindringar.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune finn det forsvarle gå gje utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 1 bueining på GBNR 125/11 på vilkår.

Vedtak:

Med heimel i Veglova §§ 40-43 med tilhøyrande regelverk gjev Alver kommune løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 1 bueining på Gbnr 125/11 på vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle frå offentleg veg som er fastsett av Vegdirektoratet i forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt Vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Svingradius og siktzone skal være ihht Vegnormal N100. Svingradius er satt til minimum 4.0 meter og sikt skal være minimum 4 x 45 meter.
- Geometrisk utforming: Avkjørsle skal være etablert slik at den ikkje leder overvatn inn i kommunevegen. På dei to første metrane skal avkjørsle ha eit svakt fall frå kant kommunal veg på minimum 5cm. Etter dette kan avkjørselsveg ha ei maks stigning/fall på 1:8.
- Under avkjørsle skal det leggest ned dreneringsrøyr med ei indre diameter på minimum 200mm. Dreneringsrøyr skal leggest slik at overvatn får fritt løp inn/ut av røyrret.
- Det skal etablerast snuareal på eigen grunn.

Vedtaket gir berre løyve til å nytte avkjørsle ihht Veglova. Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gjer merksam på at tiltak kan være søknadspiktig etter plan og bygningslova. Dette må avklarast med byggesak.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43 med tilhøyrande regelverk at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatretslege avtaler ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bjørn Håkon Uthaug

Sælenveien 68e 5143

Fyllingsdalen

Mottakarar:

Arkoconsult As

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOS
SEN